




STORTINGET | UNDERVISNING

# Kva gjer Stortinget?






Stortinget er det aller viktigaste huset i vårt demokrati.



Alle over 18 år er med på å velje 169 menneske som skal arbeide saman på Stortinget.





Desse kallar vi stortingsrepresentantar.



Storingsrepresentantane  
bestemmer lovene vi har i  
Noreg.





For eksempel kva som skal vere tillate, og kva som skal vere forbode.



Dei bestemmer også kor  
mykje pengar Noreg skal  
bruke.





Pengane blir brukte på viktige ting som sjukehus, vegar og miljøvern.



Når Stortinget har bestemt noko, får statsministeren og regjeringa ansvaret.



Då må Stortinget følgje godt med. Det er veldig viktig at det blir slik Stortinget har bestemt!

